

Saksframlegg

Kvinnherad kommune

Saksmappe

2018/3304-2

Saksbehandlar

Anbjørn Høivik

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2018/77	Formannskapet	14.11.2018

Forslag til stadnamn nye Opsangervegen

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad formannskap sender på høyring forslag til namn for eit område kring første del av Opsangervegen.

«Jonas Lie-parken» gjeld eit areal på ca. 40 dekar som omfattar store delar av parken ved Opsangervatnet og tek med dei opne uteområda ved Kvinnherad kulturskule og Kulturhuset Husnes. Dette inkluderer også trappene ned frå Torgplassen, arealet mellom bygningane på staden og areal langs dei første 500 meter av Opsangervegen.

Formmannskapet ber også om uttale til skrivemåten.

Behandling i Formannskapet den 14.11.2018

Merknad frå Hilde Enstad(Ap):

Veit at det er komme inn forslag om Jens Røssland, men dette manglar på oversikten over innkomne forslag. Ber om at dette vert retta opp.

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Formannskapet den 14.11.2018

Kvinnherad formannskap sender på høyring forslag til namn for eit område kring første del av Opsangervegen.

«Jonas Lie-parken» gjeld eit areal på ca. 40 dekar som omfattar store delar av parken ved Opsangervatnet og tek med dei opne uteområda ved Kvinnherad kulturskule og Kulturhuset Husnes. Dette inkluderer også trappene ned frå Torgplassen, arealet mellom bygningane på staden og areal langs dei første 500 meter av Opsangervegen.

Formmannskapet ber også om uttale til skrivemåten.

Saksutgreiing:

Bakgrunn

Etter initiativ frå ordføraren vart det lyst ein namnekonkurranse på kommunen si heimesida i februar 2018:

«Til sommaren skal den nye, flotte Opsangervegen gjennom Husnes sentrum opnast. Formmannskapet sa i møte 07.02.18 seg positive til å utlysa namnekonkurranse for den delen av vegen som går frå rundkøyringa ved Circle K / REMA 1000 og fram til krysset ved tidlegare Husnes Hotell. Denne delen av Opsangervegen vert ei flott opparbeidd miljøgate langs Husnesparken, og det vil vera flott om denne vegen kan få eit nytt namn til opninga. Kanskje bør den ha eit vegnamn også i framtida, eller kanskje det bør vera eit gatenamn? Det ynskjer kommunen no å invitara innbyggjarane til å komma med forslag om. Vi vonar difor folket no på denne sida vil senda inn sine forslag til nytt namn. Frå hotelltomta til Podlen vil vegen framleis heita Opsangervegen. Kvinnherad kommune ynskjer namn som på ein positiv måte kan knytast til Husnes sin identitet, anten i notid, fortid eller framtid.»

Konkurransen hadde som resultat 182 innsendte forslag via heimesida og to forslag i brev til ordføraren. Nokre personar har levert fleire forslag; opp til seks ulike frå ein og same. Forslag fremja via Facebook og andre kanalar er ikkje teke med her.

Liste med forslag følgjer dette saksframlegget som vedlegg. I avsnitta under er dei ulike namneforslaga forsøkt kategorisert og presentert på ein oversiktleg måte.

Same som i dag

69 personar har foreslege at vegen skal heite det same som i dag, eller om lag det same (Opsangervegen, Opsangergata).

Personnamn

Ca. 30 forslag tek utgangspunkt i personnamn. Snautt 20 har forslag om ulike variantar av Jonas Lievegen/-gata/-parken/allè. Fire føreslår Aksel Klostersveg eller variant av dette. Andre forslag til personnamn som utgangspunkt for vegnamnet: Erling Skorve, Eugene Keppler, Hoelfeldt Lund, Ragnvald Vaage, Geir Jacobsen, Tjerand Lunde og Thomasine.

Eksisterande stadnamn

Ni forslag tek utgangspunkt i stadnamnet Husnes. Andre forslag nyttar stadnamna Troås, Lia, Vassnes, Kaldanes, Rundeholmen, Breivik og Onarheim.

Naturfenomen

Den Kvite Svane, Grønnegata, Solsidevegen, Solstripo, Solstålegata, Stjernevegen, Strandgata, Svanevegen, Bølgedalsgata og Vassvegen er naturinspirerte namneforslag.

Kultur og næringsliv

Kremjegata, Alugata, Aluminiumsvegen, Eufonigata, Fantavegen, Gaa Paa-gata, Gladsangervegen, Hydrovegen, Internasjonalsvegen, Kulturgata, Kulturskulegata, Parkvegen/-gata/-alleen, Raggevegen og Søralvegen/-gata.

Andre

Bedringens vei, Boltane, Framtidsvegen, Hovedveien, Kebabvegen, Kosta nok, Lykkegata, Nistevegen, Promenaden, Qwænegata, Regionsgata/-vegen, Romansen, Rådhusplassen, Samspelgata, Allemannsgata, Sentergata, Sentrumsvegen, Sentrumparkvegen, Torggata og Skulevegen.

Reglar for namnsetting

Etter Lov om stadnamn § 5b er det kommunen som vedtek skrivemåten av offisiell adresse og av namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l. Når ei namnesak er teken opp, skal saka gjerast kjend for dei som har rett til å uttale seg (§ 6). Dette er særleg aktuelt ved namn på gardar og bruk der eigarane har uttalerett, men også lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal staten sine namnekonsulentar gi tilråding.

Språkrådet rår til at lokalmiljøet får høve til å vere med i namnearbeidet på en eller annan måte slik at kunnskapar om lokal namnebruk, ønskje og vurderingar kjem fram før kommunen legg fram si innstilling. I denne saka er det lagt stor vekt på dette ved utlysing av namnekonkurranse.

Vidare gir Språkrådet også nokre prinsipp som bør leggjast til grunn:

- Namnet skal ikkje kunne forvekslast med andre offisielle stadnamn i kommunen
- Namnet bør bygge på den lokale namnetradisjonen
- Namnet bør passe på staden
- Namna bør være varierte
- Namnet bør ikkje verke støytande eller komisk
- Namnet bør vere lett å oppfatte, skrive og uttale
- Ein bør unngå å bruke namn på nolevande personar, helst bør det gå minst fem til ti år etter dødsfallet til person før ein nyttar namnet som del av stadnamn

Saksgang

For å vedta skrivemåten til eit stadnamn eller adressenamn skal denne framgangsmåten følgjast:

1. *Kommunen reiser namnesak*
Dette er gjort i og med utlysing av namnekonkurranse.
2. *Kommunen førebur saka*
Før administrasjonen legg fram si innstilling, bør det hentast inn opplysningar og synspunkt frå lokalmiljøet, språkkyndige og lokalhistorikarar. Rådmannen meiner dette er ivareta gjennom namnekonkurransen og brei dekking av saka gjennom lokalmedia. Ei høyring seinare i prosessen vil gi høve til merknadar.
3. *Høyring*
Når kommunen har kome med sitt forslag, gjerne med fleire alternative namn, skal saka ut på høyring etter stadnamnlova § 6. Når det gjeld namn på nye kommunale namneobjekt, er det særleg lokale organisasjonar med tilknytning til namnet som formelt sett har uttalerett etter reglane i lova. Døme på slike organisasjonar er velforeiningar, burettslag, historielag

og språkorganisasjonar. Høyringsfristen er to månader. Høyringa er først og fremst knytt til *skrivemåten* av namna. Når det gjelder *val* av namn, er det ikkje lovfesta noko eige høyringsrunde. Det vanlege er likevel at namn blir vald etter at lokale organ og grupper har uttalt seg. Rådmannen rår til at formannskapet gjer vedtak om kva namneforslag som skal til høyring, så vil administrasjonen gjennomføre høyringa og påfølgande oversending til stadnamntenesta.

4. *Saka vert sendt til stadnamntenesta*

Kommunen sender saka saman med innkomne høyringsuttaler til den regionale stadnamntenesta som skal gi si tilråding om skrivemåten av dei føreslegne namna innan to månader. Dersom kommunen ber om det, kan stadnamntenesta også kommentere namnevalet, td. om kommunen har fleire forslag til namn.

5. *Vedtak*

Til slutt skal kommunen gjere vedtak om skrivemåte. Dersom det under behandlinga vert fremja og vedteke benkeforslag må saka sendast attende til administrasjonen og ny høyringsrunde må gjennomførast og stadnamntenesta skal uttala seg før det kan behandlast på nytt i vedtaksorganet.

6. *Kunngjering av vedtak med opplysingar om klagerett mm.*

7. *Oversending av vedtak og informasjon til partar*

I dette ligg også innmelding til det sentrale stadnamnregisteret med adressenamn, representasjonskoordinatorar og adressekode.

8. *Klageadgang*

Etter stadnamnlova er det berre skrivemåten av adressenamn som kan påklagast, og ikkje sjølve namnevalet.

Vurdering

Rådmannen har merkja seg den store delen av forslagstillarane som ønskjer å behalda namnet på vegstrekka som det er i dag. Vidare har ordføraren formidla eit ønskje om at ingen noverande adresser skal måtte endrast som følgje av ei namneendring. Om ein vil gi nytt vegnamn til den delen av Opsangervegen som er nemnt i utlysinga av namnekonkurransen vert strekkja ca. 500 m lang. Nokre eigedomar må da få nytt vegnamn i adressa si, medan husnummertildelinga for den resterande delen av Opsangervegen (ca. 3,5 km.) må gjerast på ny. I nummertildelinga er det brukt avstandsnummerering, dvs. at der vegen startar vert første adressenummer 1 på venstre side av vegen og 2 på høgre side. Ved å måla frå vegen sitt startpunkt stig husnummeret med 1 for kvar 10 meter. Ved å korta ned Opsangervegen med 500 meter vil husnummera verta endra med 50.

Eit alternativ til å gi nytt offisielt vegnamn er å gi namn til eit område. Namnet vil få status som stadnamn og ikkje skipla ved vegnamnet Opsangervegen, sjølv om den går gjennom området stadnamnet gjeld for. På bakgrunn av dette føreslår rådmannen å gi stadnamn til arealet langs Opsangervegen frå rundkøyringa i nord til det det søre krysset Opsangervegen/Sentrumsvegen. Arealet omfattar store delar av parken ved Opsangervatnet og tek med dei opne uteområda ved Kvinnherad kulturskule og Kulturhuset Husnes. Dette utgjer ca. 40 dekar og inkluderer trappene ned frå Torgplassen, arealet mellom bygningane på staden, ein bit av Opsangervegen på ca. 500 meter samt både nye og gamle parkelement ved Opsangervatnet. Framlegg til kartavgrensning er vist med raud skravur i figuren under:



Som stadnamn til dette området gir rådmannen innstilling om å leggje personnamnet Jonas Lie til grunn og kalle staden «Jonas Lie-parken» (skrivemåten vert å vedta etter høyringa). Lie var ein dei «fire store» norske forfattarane og hadde i unge år bustad på Husnes der far hans tente som sorenskrivar. Også i vaksen alder hadde han sterke band til området, ma. fridde han til sin Thomasine på Rundeholmen i Opsangervatnet. Lie er frå før heidra med ei støtte i parken, og mange av dei innkomne namneforslaga trekk fram nettopp ham. Delar av dette området vert frå før kalla Husnesparken, og dette namnet vert i fall erstatta av det nye. Det er ikkje kjent for rådmannen om namnet Husnesparken er gitt gjennom offisielt namnevedtak.

Dersom vegstrekki i staden for dette skal gis nytt namn gir rådmannen råd om å velje «Parkvegen» av dei innkomne forslaga. Veggen går langs Husnesparken og har i seg sjølv mange parkelement. Det ny vegnamnet vi i så fall gjelde ei strekkje på ca. 500 meter mellom rundkøyringa Onarheimsvegen/Heiamyro/Opsangervegen og kryss Opsangervegen/Sentrumsvegen S.

Økonomisk konsekvens:

Ikkje relevant

Miljømessig konsekvens:

Ikkje relevant

Vedlegg:

- Inkomne forslag til namn